

# **Samarbeidsavtale om «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal»**

Vedlegg til avtale: Delegeringsreglement

## **1. Navn, forkortinger og partar**

Med heimel i reglane i kommunelovas kapittel 18 har partane oppretta «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal».

Rådets forkorting er «Regionrådet Nord-Gudbrandsdal». Dette blir brukt i resten av samarbeidsavtala og i dagleg omtale/bruk.

Partane er:

- |                   |                     |              |
|-------------------|---------------------|--------------|
| • Dovre kommune - | organisasjonsnummer | 939 849 831. |
| • Lesja kommune - | organisasjonsnummer | 964 949 204. |
| • Lom kommune -   | organisasjonsnummer | 959 377 677. |
| • Sel kommune -   | organisasjonsnummer | 939 617 671. |
| • Skjåk kommune - | organisasjonsnummer | 961 381 096. |
| • Vågå kommune -  | organisasjonsnummer | 939 607 706. |

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal er eit eiga rettssubjekt som er registrert i Brønnsundregistrene med organisasjonsnummer 976 634 845.

## **2. Formål**

Regionrådet er eit politisk organ som skal fremje regionen sine interesser gjennom å  
:

- medverke til større openheit, utvikle samarbeidsevna og gjensidig informasjon mellom kommunane
- arbeide for å nå mål og prioriterte tiltak i regionens årlege handlingsplan
- leggje til rette for næringsutvikling og innovasjon i offentleg sektor med særleg vekt på
  - arbeide for gode vilkår for nyetableringar
  - vidareutvikle eksisterande næringsliv
  - arbeide for etablering av offentlege arbeidsplassar
- drive politisk interessearbeid overfor overordna myndigheiter i distriktpolitiske spørsmål.
- samordne kommunane sine høyringsuttaler der ein finn det tenleg.
- arbeide for interkommunale samarbeidstiltak til beste for regionen sine innbyggjarar
- arbeide for å profilere regionen som ein attraktiv tilflyttarregion

Dette er ikkje til hinder for interkommunalt samarbeid mellom to eller fleire kommunar på område som ikkje er heimla i samarbeidsavtala.

### **3. Representantskap**

Representantskapet er det øvste organet i Regionrådet Nord-Gudbrandsdal.

Representantskapet har 20 medlemmer. Kvar kommune har tre representantar og fylkeskommunen har to representantar. I tillegg har kvar part like mange vararepresentantar. Representantane og vararepresentantane skal velgjast av kommune-styret/fylkestinget sjølv. Reglane om kjønnsrepresentasjon i kommunelovas §§ 7-6, 3.dje ledd og 7-7, 3.dje ledd gjelder for den enkelte parts val av både faste representantar og vararepresentantar.

Valet blir normalt gjort på det konstituerande møtet etter kvart kommunestyre- og fylkestingsval. Valperioda er fire år. Den enkelte kommune/fylkeskommune kan sjølv når som helst ved nyval og for resten av valperioda skifte ut sine representantar og vararepresentantar. Normalt skal ordførar i kommunane velgjast som ein av kommunens faste representantar.

Representantskapet vel sjølv av og blant dei faste kommunale representantane regionrådsleiar og regionrådsnestsleiar. Valperioda er to år. Valtidspunktet er første representantskapsmøte etter kommunestyre- og fylkestingsval, og siste representantskapsmøte to år etter dette.

Leiaren for kommunedirektørutvalet i Nord-Gudbrandsdal har møte og talerett

Representantskapet vedtar sjølv delegeringsreglement som viser fullmakter og ansvar for regionstyret, eventuelle underliggende styrer, valgkomite, regionrådsleiar og dagleg leiar.

## 4. Representantskapsmøter

Representantskapet møtes etter vedtatt møteplan. Det skal før kvart årsskifte utarbeidast ein møteplan for heile neste år.

Representantskapet skal seinast første halvår etter kvart kommunestyre- og fylkestingsval vedta eit eiga reglement for møteavvikling.

Møteinnkalling og saksdokument skal sendast elektronisk til representantane, vararepresentantane, partane og media seinast ei veke før kvart møte.

Saker som gjeld fordeling av partnerskapsmidlar skal avgjerast etter konsensusprinsippet. Andre saker skal avgjerast etter fleirtallsprinsippet, men region-rådsleiar eller møteleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit. Ved stemme-likheit ved val skal det trekkast lodd mellom dei som har flest stemmer.

Representantskapet skal behandle og vedta årsbudsjett, handlingsplan og årsmelding. Representantskapet kan beslutte å opprette og/eller legge ned utval, samt velgje medlemmer og varamedlemmer til slike utval. Andre saker kan òg behandlast.

## 5. Valkomite

Før kvart val blir det oppretta ein valkomite med seks medlemmar som skal fremme og begrunne forslag på kandidatar som regionrådsleiar og regionrådsnestleiar for dei neste to åra. Kvart kommunestyre vel sjølv sitt medlem, normalt kommunens varaordførar.

Valkomiteen må ta hensyn til og kommentere både geografi, kjønn, personlege eigenskapar og moglegheiter til å skjømte verva. Kandidatane som regionrådsleiar og regionrådsnestleiar skal være faste kommunerepresentantar i representantskapet, men skal ikkje være frå same kommune.

Samla sammenhengjande funksjonstid i eitt og same verv kan ikkje overstiga to valgperiodar/fire år.

## 6. Regionstyret

Regionstyret er sett saman av ordførarane i deltakarkommunane. Varaordførarane er varamedlemmer for ordførarane.

Leiaren for kommunedirektørutvalet i Nord-Gudbrandsdal har møte og talerett.

Regionstyret møtes ved behov, men minimum seks ganger i året. Det skal før kvart halvårsskifte utarbeidast ein møteplan for neste halvår.

Møteinnkalling og saksdokument skal sendast elektronisk til medlemmane, varamedlemmene, partane og media seinast ei veke før kvart møte.

Viktige saker, og saker som gjeld fordeling av partnerskapsmidlar, blir avgjort etter konsensusprinsippet. Andre saker blir avgjort etter fleirtalsprinsippet, men regionrådsleiar eller møteleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit. Ved stemmelikheit ved val skal det trekkast lodd mellom dei som har flest stemmer.

Regionstyret skal behandle saker som det får seg førelagt av dagleg leiar og/eller regionrådsleiar. Saker som er prinsipielle skal kun avgjerast dersom det ikkje er mogleg å vente med avgjørelsen til neste representantskapsmøte.

Regionstyret har hastefullmakt etter kommunelovas § 11-8.

Regionstyret er styre for dei ulike fonda som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer, og skal behandle saker om bruk av disse fonda.

Regionstyret kan vedta å opprette og/eller nedlegge ad hoc-utval, og skal velge medlemmar og varamedlemmar til slike utval.

## **7. Regionrådsleiar**

Regionrådsleiar fastsetter saksliste for møter i både representantskapet og regionstyret. Saklistene skal fastsettes i samråd med dagleg leiar.

Regionrådsleiaren leiar møtene i både representantskapet og regionstyret. Ved stemmelikheit har regionrådsleiaren dobbeltstemme.

Regionrådsleiaren representerer Nord-Gudbrandsdalen politisk.

Regionrådsleiaren har hastefullmakt etter kommunelovens § 11-8.

Dersom kort tidsfrist hindrar ordinær behandling i regionstyret og/eller regionrådet, kan regionrådsleiaren uttale seg på vegne av regionen. Om mogleg skal utkast til uttale distribuerast til regionstyrets medlemmer på forhånd med oppfordring om å kome med innspel før endeleg uttale blir gjeven. Hasteuttale skal refererast i påfølgjande møter i regionstyret og representantskapet.

## **8. Regionadministrasjon**

Regionsadministrasjonen skal leiast av ein dagleg leiar. Vedkommande har eit heilheitleg ansvar for dagleg drift av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. Ansvaret omfattar blant anna personalansvar, økonomi, ulike fag og ekstern og intern kommunikasjon.

Dagleg leiar skal sørge for at sakene som blir lagt fram for representantskapet, regionstyret og ulike utval er forsvarleg utreda, og skal sørge for at alle vedtak blir effektuert.

Dagleg leiar deltar i kommunedirektørutvalet i Nord-Gudbrandsdal.

Dagleg leiar er møtesekretær for representantskapet og regionstyret.

Dagleg leiar er ansvarleg for forvaltninga av partnerskapsmidlane, dei ulike fonda som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer og eventuelle andre midlar som blir disponert av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal.

Dagleg leiar ivaretek dei løpande oppgavene knytt til samarbeidet og samvirket med stat, fylkesmann, fylkeskommune, andre regionar, næringsliv, frivillige organisasjoner og andre samarbeidsaktører, for å fremje regionens interessar.

Dagleg leiar skal sørge for aktiv kommunikasjon som ivaretek krava til innsyn, offentlegheit og openheit som blant annet stilles i kommunelov, offentliglov og forvaltningslov.

## **9. Faste utval**

Regionrådet har to faste politiske utval:

Næringsutvalet og Samferdselsutvalet. Kwart utval har 6 medlemmar.

Regionrådet vel 3 politiske medlemmar til kvart utval. Arbeidsutvalet oppnemnar 3 fagmedlemmar til kvart utval. Leiaren skal veljast blant medlemmar vald av Regionrådet. Regionrådet fastset mandat for utvala.

## **10. Informasjon til kommunestyre og fylkesting**

Innkalling til, og møteprotokollar fra alle møter i regionstyret og representantskapet skal sendast til blant anna postmottaket i kommunane og fylkeskommunen.

Ordførarane og ein av representantane fra fylkeskommunen har i tillegg eit særleg ansvar for å sørge for at dei respektive kommunestyra og fylkestinget blir heldt løpande orientert om arbeidet i Regionrådet Nord-Gudbrandsdal.

Ordførarane og regionrådsmedlemmane, i samarbeid med administrativ leiar i den einskilde kommune, pliktar å informere sine kommunestyre og eigen administrasjon om politisk arbeid i regionale fora. Heimesida til Regionrådet skal det gje oversikt over politiske saker og etablerte prosjekt som er organisert gjennom Regionrådet.

Regionrådet nyttar sosiale media for å informere om aktivitet i tillegg til heimeside.

## 11. Økonomi

Regionsamarbeidet vert finansiert av kommunale tilskot og prosjektinntekter.

Kommunale tilskot blir fordelt slik:

50 % fordelast likt

50 % fordelast etter folketal i den einskilde kommune pr. 31.12. siste år.

Framlegg til driftsbudsjett for regionsamarbeidet blir sendt kommunane innan 1. oktober kvart år. Kommunane pliktar med årlege driftstilskot å bidra til finansiering av:

- drift av regionadministrasjonen.
- kostnader vedrørende møte i regionråd, arbeidsutval og andre regionale samarbeidsorgan.

Deltaking i samarbeidet føreset at den einskilde kommune til kvar tid følgjer opp sine økonomiske plikter i samsvar med denne avtala.

Representantskapet velg revisor.

Oversikt over foreslått driftstilskot frå kommunane samt forslag til årsbudsjett skal sendast til kommunene og fylkeskommunen senest 1. oktober hvert år.

Årsbudsjettet vedtas av representantskapet selv.

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal kan ikkje ta opp lån.

## 12. Partnerskapsmidlar

Partnerskapsmidlane blir finansiert av Innlandet fylkeskommune og av kommunane i regionen slik det går fram av partnerskapsavtala mellom fylkeskommunen og kommunane.

Kommunane sitt samla bidrag til partnerskapsmidlane skal delast etter finansierings-nøkkelen i punkt 11.

Representantskapet forvaltar den årlege økonomiske ramma for Partnerskapsmidlane.

Representantskapet kan delegere til regionstyret å forvalte tilskotsmidler, og kan òg delegere til dagleg leiar å avgjere enkeltsøknader som ikkje overstig eit bestemt beløp.

## 13. Årsmelding

Innan 31.mars kvart år skal dagleg leiar leggje fram ei årsmelding for virksomheita i førre driftsår.

Årsmeldinga skal sendast til postmottaket i kvar av partane i samarbeidsavtala.

## 14. Lokalisering

Administrasjon for Regionrådet Nord-Gudbrandsdal er i Sel kommune, for tida i Skansen 7.

## 15. Utmelding/uttreden

Kvar av partane i samarbeidsavtala kan før 1. juli kvart år skriftleg seie opp si deltaking i Regionrådet Nord-Gudbrandsdal.

Ved utmelding innan 30. juni plikter den kommuna som går ut å yte driftstilskot ut påfølgjande driftsår. Ved utmelding mottatt 1. juli og seinare pliktar den kommuna som går ut å yte driftstilskot i to heile driftsår etter utmeldinga.

Den kommuna som går ut kan krevje seg utløyst. Utløysings-summen blir fastsett til vedkommande parts nettoverdi av midlane i Regionrådet Nord-Gudbrandsdal ved utløpet av oppseiingsfrista.

Den kommuna som går ut fortset å hefte for sin del av gjelda og andre forpliktingar som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal har ved utløpet av oppseiingsfrista. Dette gjeld òg for partens del av framtidige pensjons-forpliktingar for tilsette.

## 16. Oppløysing

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal kan oppløysast etter vedtak i partenes kommune-styrer/fylkekesting.

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal oppløysast hvis tre eller fleire kommunar har levert utmelding.

Oppløysinga skjer frå og med starten av neste valgperiode i kommunane. Dersom det er under eitt år att til neste valg i kommunane skjer oppløysinga ved utgangen av året etter valget.

Etter oppløysninga fortset alle partane å hefte for sine andelar av gjeld og andre forpliktingar som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal har ved utløpet av oppseiingsfrista. Dette gjelder òg for kvar av partane sin del av framtidige pensjonsforpliktingar for tilsette.

## 17. Formalia

Samarbeidsavtala er særleg hjemla i kapittel 18 i kommunelova. Dekker ikkje teksten i samarbeidsavtala eit tema, skal det trekkjast analogier frå kommunelova

Denne samarbeidsavtala erstattar «Samarbeidsavtale om regionråd i Nord-Gudbrandsdal» av 17.02.2012.

Dei enkelte kommunestyra og fylkestinget skal sjølv vedta samarbeidsavtala og eventuelle seinare endringar av denne.


Samarbeidsavtale for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal er vedteke slik:

Kommune	Komm.styresak	Dato
Dovre kommune	45/20	28.09.20
Lesja kommune	69/20	16.12.20
Lom kommune	55/20	24.11.20
Sel kommune	70/20	16.12.20
Skjåk kommune	5/21	28.01.21
Vågå kommune	80/20	15.12.20
Regionrådet	3/21	19.02.21

Otta, 19. februar 2021



Astrid Skomakerstuen Ruste  
Ordfører Dovre kommune



Mariann Skotte  
Ordfører Lesja kommune



Bjarne Eiolf Holø  
Ordfører Lom kommune



Eldri Siem  
Ordfører Sel kommune



Edel Kveen  
Ordfører Skjåk kommune



Harald Sve Bjørndal  
Ordfører Vågå kommune



# **Delegeringsreglement for «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal»**

## **1. Navn og forkorting**

- Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen og Innlandet fylkeskommune har oppretta «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal».
- Rådets forkorting er «Regionrådet Nord-Gudbrandsdal». Det blir brukt i resten av delegeringsreglementet og i dagleg omtale/bruk.
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal er eit eiga rettssubjekt som er registrert i Brønnøysundregistrene med organisasjonsnummer 976634845.
- Punkt 3 i samarbeidsavtala for Regionrådet Nord-Gudbrandsdal gjev representantskapet sjølv fullmakt til å vedta delegeringsreglement.

## **2. Prinsipp for delegering**

- Alle saker skal være forsvarleg utreda før vedtak blir gjort.
- Alle vedtak skal settast i verk og følgjast opp.
- Eventuelle avvik skal følgjast opp.
- Bruk av delegering skal rapporterast.
- Saman med delegering av fullmakt følgjer også myndigheit og ansvar.
- Hastefullmakt skal berre brukast dersom det er reelt behov for å avgjere ein sak før neste ordinære møte i overordna organ.

## **3. Delegering til regionstyret**

- Regionstyret har fullmakt til å gjera hastevedtak.
- Alle saker som ikkje er prinsipielle kan avgjerast av regionstyret, herunder også fordeling av partnerskapsmidler.
- Regionstyret er fondsstyre for dei ulike fonda som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer.
- Ad hoc-utval kan opprettast av regionstyret. Val av medlemmar og varamedlemmar til slike utval ligg og til regionstyret.
- Myndigheit til å tilsette og til å si opp dagleg leiar er delegert til regionstyret.

## **4. Delegering til faste utval**

- Faste utval kan berre vedtas oppnevnt av representantskapet. Representantskapet vel sjølv medlemmar og varamedlemmar til slike utval.
- Faste utval skal innanfor sine fagfelt sjølv vere ansvarleg for å fremme saker direkte til representantskapet.
- Innanfor sitt fagfelt kan det avgjevast eigne uttale med mindre desse er av prinsipiell karakter.
- Utvalsleiar er ansvarleg for å informere om utvalets saker og uttale.

## **5. Delegering til ad hoc-utval**

- Ad-hoc-utval kan oppnevntast av både representantskapet og av regionstyret. Utvalet velg sjølv både medlemmer og varamedlemmer.
- Ad-hoc utval skal innanfor sine fagfelt sjølv vere ansvarleg for å fremme saker direkte til regionstyret.
- Innanfor sitt fagfelt kan det avgjevast eigne uttale med mindre desse er av prinsipiell karakter.
- Utvalsleiar er ansvarleg for å informere om utvalets saker og uttale.

## **6. Delegering til regionrådsleiar**

- Regionrådsleiar representerer Nord-Gudbrandsdalen politisk.
- Dersom kort tidsfrist hindrar ordinær behandling i regionstyret og/eller representantskapet, kan regionrådsleiar uttale seg på vegne av regionen. Om mogleg skal utkast til uttale distribuerast til regionstyrets medlemmar på forhånd med oppfordring til å kome med innspel før endeleg uttale blir gitt. Hasteuttale skal refererast i påfølgjande møter i regionstyret og representantskapet.
- Regionrådsleiar skal årleg gjennomføre medarbeidersamtale med dagleg leiar. Denne samtala danner grunnlag for å fastsette dagleg leiars løns- og arbeidsvilkår etter årleg forhandling heimla i HTA 3.4.1.

## **7. Delegering til dagleg leiar**

- Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg drift av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. I dette ligger også rett og plikt til å vedta løpande organisering og bemanning av faste stillingar og av prosjektstillingar innanfor gjeldande budsjett.
- Dagleg leiar har fullmakt til å utlyse stillingar, til å foreta tilsettingar, og til å gjere vedtak om advarsler, suspensjon, oppseiing og avskjed.
- Medarbeidersamtaler arrangeres minimum årleg mellom den enkelte tilsette og dagleg leiar.
- Årlege lønnsforhandlingar med dei tilsettes organisasjonar skal gjennomførast av dagleg leiar som arbeidsgjevar.

- Dagleg leiar har resultatansvar og attendemeldingsplikt til regionstyret og representantskap.
- I saker som blir fremma for regionstyret og representantskapet har dagleg leiar innstillingsrett. Dette gjeld likevel ikkje dersom faste utval eller ad-hoc-utval har fremma sak med eigen innstilling direkte for henholdsvis representantskap eller regionstyre.
- Søknader om støtte frå dei ulike fonda som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer og søknader om støtte frå partnerskapsmidlane kan avgjerast av dagleg leiar dersom søknadssummen i den enkelte søknaden ikkje overstig 50.000 kroner. Årleg samla innvilga beløp etter denne fullmakta må ikkje overstige kr. 500.000 frå kvar av ordningane.
- Dagleg leiar kan uttale seg på vegne av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
- Avtaler om innkjøp, drift, husleige og andre driftsrelaterte avtaler kan avgjerast av dagleg leiar.
- Innanfor vedtatt driftsbudsjett kan dagleg leiar foreta justeringar.
- Dagleg leiar kan vedta at innvilgingar som er gjeven til driftsformål kan overførast til neste års budsjett